



UTTALE TIL KUNNSKAPSDEPARTEMENTET VEDRØRANDE "HØRINGSNOTAT OM FORSLAG TIL ENDRINGER I OPPLÆRINGSLOVA OG PRIVATSKOLELOVA - NASJONAL BESTEMMELSE OM LÆRERTETTHET I GRUNNSKOLEN MM."

SAMANDRAG

1. Departementet vil ikkje lenger tillate organisering av egne grupper for minoritetsspråklege i vidaregåande skole utan i norsk og innføringsklasse. Fylkesrådmannen vil at skoleeigar framleis må kunne vurdere kva som gir minoritetsspråklege elevar best utbytte, og at ein lokalt heile tida skal vurdere dette også ut frå prinsippet om fellesskap og inkludering.
2. Departementet meiner at elevar i innføringsklassane skal bruke eitt år av sin rett til opplæring i tre år om dei takkar ja til eit år i innføringsklasse. I ettertid må då alle elevane søkje om utvida rett med sakkunnig vurdering for å få fullført si opplæring. Fylkesrådmannen vil halde på den ordninga som gjeld her i Hordaland, der året i innføringsklasse reknast som eit 0. år, då dette er eit førebuaende år før opplæring i Vg1.

FYLKESRÅDMANNEN, 03.01.2012:

Følgjande uttale vart i dag sendt til Kunnskapsdepartementet:

Uttale vedrørende "Høringsnotat om forslag til endringer i opplæringslova og privatskolelova - nasjonal bestemmelse om lærertetthet i grunnskolen mm." Om endringer for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring

Om egne grupper for minoritetsspråklege elevar i anna enn norsk:

I notatet frå Departementet seier ein følgjande:

"Likeverd i skolen forutsetter at ingen elever skal diskvalifiseres fra fellesskapet på grunn av kjønn, forutsetninger og bakgrunn. Inkludering i skolen handler om at alle ikke bare skal få være en del av fellesskapet, men også ha muligheter til å lære og å utvikle seg i fellesskapet. Det krever at skolen i sitt innhold og organisering aktivt tar hensyn til elevenes evner og forutsetninger."

Dette er vi nok alle samde i. Alle elevar skal vere med i fellesskapet. Det som kan diskuteras er kva tilbod som er til beste for eleven når ein skal nå målet om fullføring og inkludering.

I Hordaland har vi ein klasse for minoritetsspråklege i Vg1 i Helse- og sosialfag ved Fyllingsdalen vidaregåande skole. Etter Vg1 søkjer dei seg i klassar på lik line med alle andre elevar. Tilbodet er svært populært. Mange innvandrarak ønskjer å jobbe i helserelaterte yrker. I dette tilbodet får elevane norskstøtte også i programfaga, noko som gir elevane ein fordel når det gjeld språklege utfordringar i læretida.

Bergen Katedralskole hatt eigen klasse i studieførebuande for minoritetsspråklege elevar sidan 1980. Elevane har nokre av faga som norsk og engelsk i sin klasse, medan dei er saman med elevar frå dei andre klassane i til dømes matematikk og alle programfaga. Røynslene deira etter 30 år er gode. Ein av lærarane ved Bergen Katedralskole seier det slik i si vurdering av tilbodet: *"Målet vårt for elevane som går i desse klassane, er at dei skal få studiekompetanse etter tre år. Dei fleste får det, og det er lite fråfall. Elevane har frå knapt eitt år til opp mot tre år i Noreg når dei tek til i første klasse. Det er sjeldan nokon har lengre tid her i landet. Og jamvel om faga då heiter geografi, religion, samfunnsfag, historie eller norsk, så er det norsk språk, allmennkunnskap og samfunnslære det kokar ned til. Desse faga må elevane få i sitt eige tempo på sitt eige språknivå, der manglande kunnskap om vanlege norske forhold kan oppdagast og fyllast etter kvart"*

I merknader frå innst. O. nr. 126 til Opplæringslova §8-2 kan ein lese følgjande:

"Flertallet deler Regjeringens oppfatning om at økt læringsutbytte er viktigere enn å oppfylle detaljerte organisatoriske bestemmelser."

Fylkesrådmannen meiner skoleeigar må kunne vurdere kva som gjer eleven best utbytte, og at ein lokalt heile tida skal vurdere dette også ut frå prinsippet om fellesskap og inkludering.

Om bruk av retten i innføringsklasse:

"Departementet mener at så lenge eleven har rett til videregående opplæring etter loven § 3-1, og takker ja til et frivillig innføringstilbud i regi av den videregående opplæringen, må eleven bruke av retten til videregående opplæring."

Grunngjevinga frå Departementet er at minoritetsspråklege elevar frå 2009 har utvida rett til vidaregåande opplæring med inntil 2 år. For å få utvida rett må det søkjast med sakkunnig vurdering frå PPT. I år har vi 236 minoritetsspråklege elevar i innføringsklasser i Hordaland. I si vidare opplæring må alle desse søkje om utvida rett om året i innføringsklasse skal reknast som eit av dei tre åra.

I Hordaland har vi hatt innføringsklassar i 36 år. Elevane brukar ikkje av retten sin.

Innføringsklasse er eit friviljug førebuande tilbod for minoritetsspråklege før inntak i ordinær vidaregåande opplæring. Tilbodet er svært nyttig for mange elevar med kort butid. Vår erfaring er at det er lettare å motivere både elevar og føresette til å ta i mot tilbodet dersom ein ikkje bruker av retten til opplæring.

Den eintydige tilrådinga frå Østbergutvalet (NOU 2010:7 Mangfold og Mestring) er at eleven ikkje nyttar av retten til opplæring om ein tek imot tilbod om innføringsklasse. Tilbodet er eit innleiande år før ein vel utdanningsprogram.

Paul M. Nilsen
Fylkesrådmann

Inger Øvsthus Tønder
Opplæringsdirektør